

## Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 05.04.2016

### Vedtak

Til mai møte i YON er det ønske om å få ein presentasjon av Folkehelseoversikta 2015, då spissa mot yrkesopplæringa.

Torbjørn Mjelstad informerer om årets søkartal, ein ser det vil også i år bli store utfordringar innan m.a. elektro, industrideknologi og IKT. Brev frå Opplæringskontoret for elektrofag vart delt ut, opplæringskontoret ber her fylkeskommunen om å redusere tal på Vg2 klassar i elektrofag.

Fagopplæringskontoret sender i desse dager oversikt til den enkelte skole over deira elevar som har søkt læreplass, vi ber skolen om å svare på om kor eleven har vært utplassert, om det er avtala læreplass, samt om eleven har nokon utfordringar. Skolen får også her namn på elevar som ikkje har registrert seg som søkjar.

Trond-Harald Alvær har ein gjennomgang på kva midlar som er brukt å dei ulike ordningane innan fagopplæringa i 2015. Dei ulike støtteordningane som er vedtatt for 2016 vart også presentert.

YON vil i mai møte sjå på budsjett for 2017, kva område ønskjer YON å prioritere. Det er i denne forbindelse ønskelig at Stine Fjeldstad frå Aksjon lærebedrift kommer til møte og orienterer.

Tom Knudsen delte ut brev frå Byggmestrenes Servicekontor AS vedk. økning i sats for teoritrekk. Dette vil ein komme tilbake til då det er ein prosess i gang på denne saken.

Oversikt over godkjente lærebedrifter for perioden 01.02.2016 til 01.04.2016 vart delt ut.